



Sveinung Bjørke  
Sollia 26  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7445 - 14/25427

Saksbehandlar:  
Inger Opheim Hindenes  
inger-opheim.hindenes@lindas.kommune.no

Dato:  
12.11.2014

## Førebels melding om motteken byggjesak. FVL § 11 - Gbnr 173/73

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.11.2014 og saka har saksnummer 14/7445.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 og byggesaksforskrifta kap. 7. Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesaksforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesaksforskrifta § 7-2 (1).

Viss saka krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt, jf. plan- og bygningslova § 21-5, vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. byggesaksforskrifta § 7-3.

| Sakstype  | Tidsfrist             |
|---|-----------------------|
| Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1 og 20-2, som ikkje medfører dispensasjon frå plan.   | 12 veker              |
| Søknad om dispensasjon frå plan eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1 og 20-2 som krev dispensasjon frå plan   | Ikkje lovpålagt frist |
| Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1 og 20-2, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje føreligg merknader frå naboar /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig.<br>Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang. | 3 veker               |
| Søknad om løyve til tiltak etter § 20-2, der det føreligg protestar frå naboar/tverrbuarar, men tiltaket elles er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig.<br>Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve ikkje rekna som gjeve. Arbeidet                              | 3 veker               |



|  |          |
|--|----------|
| kan ikkje setjast i gang.  |          |
| Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve.   | 12 veker |
| Søknad om igangsetting   | 3 veker  |
| Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn.<br>Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk. | 3 veker  |
| Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn.   | 3 veker  |

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist enn fastsett i plan- og bygningslova § 21-7 og i byggesakforskrifta, jf. plan- og bygningslova § 21-8.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslegen.

Med helsing

Inger Opheim Hindenes  
administrasjonssekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Sveinung Bjørke

Sollia 26

5912

SEIM